



Årsplan

For Hyen Barnehage

2025 - 2029

Innhald

Hyen barnehage	3
Verdigrunnlaget.....	3
Omsorg og anerkjenning.....	4
Leik og sosial kompetanse	5
Meistring og utvikling	6
Barnehagen sine arbeidsmåtar	7
Trygt og godt barnehagemiljø.....	7
Tverrfagleg samarbeid	8
Beste praksis.....	8
Språk, omgrep og språkmiljø	9
Miljøfyrtårn.....	9
Barnehagen som pedagogisk verksemd	9
Fokusområde.....	10
Uteleik og uteliv	10
Trygge og tydelege leiarar	10
Barn som medskaparar.....	11
Samarbeid mellom heim og barnehage.....	12
Overgongar i barnehagen	14
Årshjul og aktivitetar i barnehagen.....	16



Hyen barnehage

Hyen barnehage vart starta i 1986, og nytta då lokalet i kjellaren på samfunnshuset. I 2011 fekk barnehagen nye lokalar sentralt på Straumsholmen i Hyen. Vi har Hyen skule som nærmaste nabo, og kort veg til butikk, idrettsbygg og fine naturområder.

Hyen barnehage er ein kommunal barnehage, og er saman med Hyen skule organisert som eit oppveksttun. Dette inneber at vi har eit tett samarbeid med skulen og har ein større tilgang til aktivitetar og fasilitetar enn det vi finn i barnehagen sine lokaler. Barna i barnehagen får også moglegheita til å samhandle med eldre barn i felles prosjekt og aktivitetar, og vi ser at overgangen frå barnehage til skule vert tryggare for barna.

Barnehagen er godkjend for 18 store barn (3-6 år) og 9 små barn (1-3 år).

Verdigrunnlaget

Rammeplanen for barnehagen legg vekt på barns eigenverdi, demokrati, likeverd, berekraftig utvikling og livsmeistring. Dette er verdiar som skal vere gjeldande i alle barnehagar. Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av barnehagen sitt pedagogiske arbeid. I Hyen barnehage legg vi særleg vekt på omsorg og anerkjenning, leik og sosial kompetanse, meistring og utvikling.

I Hyen barnehage legg vi særleg vekt på:

- Omsorg og anerkjenning
- Leik og sosial kompetanse
- Meistring og utvikling

Omsorg og anerkjenning

Omsorg er ein viktig føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast i barnehagen. Dei vaksne i barnehagen sin jobb er først og fremst å vere saman med barna og å vere ein trygg vaksen. Dette er viktigare enn alt det andre vi gjer. Vi skal sjå kvart enkelt barn, lytte til dei, oppmuntre og tilby eit trygt fang å sitte på. Barnehagen skal opplevast som ein trygg og god stad å vere.

Hyen barnehage er ein liten barnehage. Ein av styrkane våre er at dei tilsette i barnehagen kjenner alle barna og foreldre, på tvers av avdelingar. Dette gjer at barna alltid får vere saman med ein vaksen dei kjenner, sjølv når avdelingane samarbeidar på tvers morgonar og ettermiddagar.

Anerkjenning handlar om å gje nokon verdi og respekt for den dei er og det dei gjer. For oss er det viktig at barna i barnehagen får erfaring med at vi er ulike, men at vi likevel kan gje rom for kvarandre. Vi har fokus på korleis vi kan lære av kvarandre, og at alle har noko verdifullt å bidra med i fellesskapet. Borna skal også få erfare at dei er viktige og at dei får høve til å seie si meining og medverke i barnehagekvardagen.



«Barnehagen skal opplevast som ein trygg og god stad å vere.»

«Ein arena for leik, humor og positivt samspel med andre»



Leik og sosial kompetanse

Leiken har ein sentral plass i borna sine liv, og skal også ha ein sentral plass i barnehagen. Leiken gjev rom for skaparglede, fantasi og livsutfolding, og bidrar til at barna opplever glede, humor, spenning og engasjement. Barnehage skal vere ein arena som er tilrettelagt for variert leik, humor og positivt samspel med andre.

I leiken får borna oppleve seg sjølv i samspel med andre born og vaksne, og gjennom leiken får barna øve på mange viktige ferdigheiter som å dele, vente på tur, samarbeide, kommunisere, forholde seg til reglar og løyse konflikter. Desse ferdigheitene hjelper barna å utvikle ein god sosial kompetanse. I leiken lærer barna å ta omsyn til kvarandre, og la alle få bestemme litt kvar.

Leiken er også ein arena der borna får utvikle seg *språkleg* ved å lytte, samtale, fantasere og byggje ordforråd, *emosjonelt* ved å uttrykkje og regulere eigne kjensler og sette seg inn i andre sine perspektiv. Dei får utvikle seg *kognitivt* gjennom problemløysing, logisk tenking og kreativ utforsking, og *motorisk* ved å styrkje både kroppsleg grov- og finmotorikk, koordinasjon og sanseregulering. Leiken er såleis ein viktig arena for læring på alle utviklingsområda.

Meistring og utvikling

Barnehagen skal vere ein trygg og inkluderande stad der borna får rom til å utvikle seg, prøve nye ting, meistre motgang og handtere utfordringar. Med støtte frå dei tilsette får borna oppleve meistring og bygge sjølvtilit i møte med kvardagens små og store utfordringar. Barnehagen er ikkje berre ein stad der borna oppheld seg, men ein viktig arena for læring, utvikling og meistring.

Vi brukar fagområda i rammeplanen som utgangspunkt for det pedagogiske arbeidet, men tilpassar innhaldet til barnegruppa og legg til rette for leikbasert læring. Barna sine egne interesser spelar også inn når vi planlegg tema og legg til rette for nye læreprosessar. Vi møter barna med nysgjerrigheit og undring, der vi stiller spørsmål og finn svara ilag med barna. Slik skapar vi rom for aktiv deltaking, medverknad og læring i kvardagen.

Gjennom dei ulike tema og fagfelta som vi tek føre oss høyrer det med varierte opplevingar der borna får gjere egne og nye erfaringar. Dei får også uttrykkje og utfolde seg på ulike måtar – gjennom leik, språk, røysle, musikk, forming og praktiske opplevingar.

Fagområda i rammeplanen er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, røysle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

«Vi undrar oss saman og vågar å prøve nye ting.»

Barnehagen sine arbeidsmåtar

Trygt og godt barnehagemiljø

Barnehagen har ei aktivitetsplikt som skal sikre alle barn eit trygt og godt barnehagemiljø. Det vil seie at barnehagen har ei plikt til å handle dersom det kjem fram informasjon eller mistanke om at eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen. Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som for eksempel utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når eit barn i barnehagen vert utsett for slike krenkingar.

Gloppen kommune har ein handlingsplan for trygt og godt barnehage- og skulemiljø. Planen dannar eit felles grunnlag for korleis barnehagar og skular skal jobbe med å førebygge og handtere mobbing og krenkingar. I følge denne handlingsplanen skal barnehagen:

Følgje med

Følgje med på korleis alle barna har det.

Gripe inn

Gripe inn dersom eit barn vert utsett for krenkingar.

Varsle

Varsle næraste leiar når ein får informasjon eller mistanke om at eit barn ikkje har det trygt og godt.

Undersøke

Undersøke saka nærare gjennom observasjonar og samtalar.

Setje inn tiltak

Setje inn tiltak basert på ei konkret og fagleg vurdering.

Dokumentere

Dokumentere alt frå første varsel til ferdig handlingsplan.

Barnehagen har også ansvar for å jobbe førebyggjande med god leiing av barnegrupper, grensesetting, legge til rette for at barna opplev meistring og fremje trivsel og positive omgangsformer mellom barna. Tilsette skal vere gode føredøme for barna i korleis vi kan vere gode med kvarandre.

Barnehagen har eit eige innsatsteam mot mobbing som skal halde fokus på det systematiske og førebyggjande arbeidet og støtte styrar/rektor i arbeidet i konkrete saker med undersøkingar og tiltak. Hyen skule og barnehage har eit felles innsatsteam som består av: Anne Kristin Eimhjellen (rektor/styrar), Marit Straume (lærer og spes.ped.koordinator, skulen) og Ragnhild Zachariassen (ass. styrar og ped. leiar, bhg). Innsatsteamet vert involvert når ass.styrar og pedagogisk leiar ser at dei ikkje klarer å løyse sakene som oppstår i barnehagen aleine.

Tverrfagleg samarbeid

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er ein samhandlingsmodell som skildrar den samanhengande innsatsen i og mellom tenestene retta mot barn, unge og familiar som treng ekstra støtte og oppfølging. I modellen ligg det handlingsretteiarar og verktøy for tidleg identifisering og samhandling.

Gloppen kommune nyttar BTI-modellen, og som ein kommunal barnehage følgjer vi også denne modellen. Vi samarbeidar godt med Helsestasjon, Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og Barneverntenesta. Tidleg innsats, samordna tenester og tidleg foreldreinvolvering er hovudmåla i desse sakene.

Barn som har behov for ekstra hjelp og støtte kan få tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet eller vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter tilråding frå PPT. PPT bidreg med kartlegging, vurdering og rettleiing, både til personalet og i samarbeid med føresette, i arbeidet med barn som treng særleg oppfølging. Borna som har vedtak om spesialpedagogisk hjelp, får utarbeida ein individuell utviklingsplan (IUP) som synleggjer kva mål barnet har for utvikling og læring, og korleis det pedagogiske arbeidet vert organisert og gjennomført.

Beste praksis

Vi har i fleire år jobba med Beste Praksis der målet er å sikre høg kvalitet i alle kvardagssituasjonar. Gjennom refleksjon og diskusjonar rundt kva som er ønska standard har dei tilsette eit bevisst forhold til korleis dei handlar i dei ulike situasjonane. Beste praksis handlar om å beskrive det avdelingane gjer godt og som dei ønskjer å automatisere, og som er i tråd med ønskja fagleg standard. Alle tilsette er involvert i prosessen for å sikre at alle har same forståing.

Områda vi har jobba med dei siste åra er dialog ved velkomst og hentesituasjon, gode relasjonar mellom barn i uteleiken, kreative leikerom, språkfremjande augneblink i måltidssituasjonar, formidling i lesestunda, meistring for barna i påkledninga, tilbakemelding mellom personalet og validering av barna sine kjensler.



Språk, omgrep og språkmiljø

Språk er meir enn berre ord. Det handlar om å lytte, delta, uttrykke seg, medverke, forstå, meistre, reflektere, skape og utforske. Barna i barnehagen er i ein alder der dei legg grunnlaget for ein god språkleg kompetanse, og vi ønskjer å gje borna eit godt grunnlag å byggje vidare på.

Språket skal vere i fokus gjennom heile barnehagedagen både i planlagde aktivitetar og i dei spontane kvardagssamtalane. Vi jobbar med språket i musiske aktivitetar, rim og regler, samtalar rundt bordet, lesestunder og leik. For dei eldste barna jobbar vi også med å utforske bokstavlydar og lytte ut lydar i ulike ord. Dette styrker borna si fonologiske medviten, og vil vere til god hjelp når dei skal lære å lese og skrive.

Sidan borna i barnehagen er i starten av si språkutvikling, er det viktig at dei vaksne kommuniserer tydeleg og forståeleg. I Hyen barnehage brukar vi ASK (alternativ og supplerande kommunikasjon) og teikn-til-tale som viktige verktøy for å støtte språkutviklinga og hjelpe borna til å forstå det som vert formidla. Vi gjennomfører også ei enkel kartlegging (Askeladden) av alle 3-åringar for å fange opp born med språkvanskar og sikre god tilrettelegging av språkmiljøet.

Miljøfyrtårn

Hyen barnehage er sertifisert som miljøfyrtårn. Dette inneber at vi jobbar systematisk med miljø, klima og berekraft, og at vi kontinuerleg jobbar for å bli betre. Som barnehage har vi sett oss mål og iverksett målretta tiltak for det komande året. Når vi har nådd måla for inneverande periode, får både tilsette, barn og foreldre kome med innspel til nye tiltak og fokusområde.

Som miljøfyrtårnbarnehage har vi også ein miljøpedagogisk plan som sikrar at barna får kjennskap til korleis dei kan ta vare på naturen og miljøet. Planen sikrar at barna gjennom aktivitetar som kjeldesortering, naturopplevingar og kunnskap om dyr og insekt får eit auka medvit om berekraft og samspel med naturen.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Pedagogane i barnehagen planlegg og vurderer innhaldet i barnehagedagen kontinuerleg for å skape ein best mogleg kvardag for borna. For å sikre god kvalitet i tilbodet har barnehagen progresjonsplanar for korleis vi arbeidar med ulike tema, og pedagogane har fast møtetid kvar veke. Det pedagogiske arbeidet kjem tydeleg fram i månadsplanar og månadsbrev som blir sendt ut til føresette. Gjennomføringa vert også vurdert og evaluert i pedagogmøte, og dokumentert gjennom bilder som vi legg ut i vekebrevet på Vigilo kvar fredag.

I tillegg har vi jamnlege avdelingsmøter og personalmøter for å sikre godt samarbeid mellom dei tilsette. Barnehagen har fem planleggingsdagar i løpet av barnehageåret der vi jobbar med dei ulike fokusområda vi har.

Barn sin medverknad er viktig for oss, og vi gjennomfører difor barnesamtalar med dei eldste barna to gongar i året. Gjennom desse samtalane får vi innsikt i korleis barna har det i barnehagen, kva dei er opptekne av og dei får høve til få kome med eigne ynskjer.

Fokusområde

For perioden 2025 – 2029 har vi valt følgjande fokusområder:

- Uteleik og uteliv
- Barn som medskaparar
- Trygge og tydelege leiarar

Uteleik og uteliv

Uteleik og uteliv er ein sentral del av kvardagen i barnehagen, og har stor betydning for borna si utvikling, trivsel og helse. Når borna får leike ute i variert terreng og i ulike vêrtilhøve, styrkjer dei både grovmotorikk, sanseopplevingar og kreativitet. Naturen inviterer til frie og fantasifulle leikar, samtidig som den byr på utfordringar og opplevingar som ein ikkje finn innandørs.

Gjennom dette fokusområdet ønskjer vi å vere meir ute, og la barna få oppleve alt det spennande naturen har å by på. Barna skal få oppleve dei ulike årstidene og endringane i naturen, dei skal få kjenne på regn og vind, sjå snøen falle, finne meitemark, småkryp og dyrespor, leike med pinnar og konglar, høyre fuglane som kvitrar og sjå på knoppar som sprett og blad som fell.

I tillegg til å vere mykje ute, ønskjer vi også å ta med oss naturen og berekraftstanken inn i dei ulike aktivitetane vi gjer inne. Dette er i tråd med den miljøpedagogiske planen vi har som miljøfyrtårnsbarnehage. Som nyleg sertifisert miljøfyrtårnsbarnehage er det også naturleg at vi jobbar vidare med å utvikle og implementere den miljøpedagogiske planen vår i perioden 2025-2029.

Trygge og tydelege leiarar

Gjennom Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage (REKOMP) har alle barnehagane i Gloppen eit felles prosjekt for perioden 2024-2026 med fokus på å styrke rolla til kvar enkelt ped.leiar slik at dei kan drifte avdelinga si på ein god måte. Målet er at dei pedagogiske leiarane skal vere trygge og tydelege i rolla si, i møte med kollegaer, foreldre og barn.



Barn som medskaparar

Barn har rett til å medverke i sin kvardag. Dette inneber at dei skal bli lytta til og få innverknad på det som skjer i barnehagen. Når ein snakkar om barn som medskaparar, byggjer ein på eit syn på barn som aktive og kompetente deltakarar i eiga læring. Dei er ikkje berre mottakarar av kunnskap, men bidreg aktivt i leik, prosjekt og det pedagogiske innhaldet – saman med andre barn og vaksne. Barna sine idear, spørsmål og initiativ blir tekne på alvor, og blir brukt som utgangspunkt for vidare aktivitet, utforsking og læring.

Gjennom arbeidet med dette fokusområdet ønskjer vi å styrkje borna si rolle som medskaparar i barnehagen. Barna i barnehagen får delta og ha innverknad på korleis vi gjennomfører ulike aktivitetar, men vi ønskjer å inkludere borna meir i skapande prosessar. Vi vil ta i bruk Palettmodellen, utvikla av Anette Sofie Bernsen, som eit utgangspunkt for arbeidet. Modellen gjer oss verktøy for å inkludere barna aktivt i skapande prosessar og prosjekt.



(Palettmodellen, Bernsen 2025)

<https://www.nla.no/nyheter/2025/januar/sammen-med-barna-om-kreative-prosesser/>

Samarbeid mellom heim og barnehage

Barnehagen ynskjer eit godt samarbeid med heimen. Dette føreset at vi har tillit og forståing for kvarandre. Foreldresamarbeidet rommar mykje; dagleg dialog ved henting og bringing, skriftleg informasjon via Vigilo, foreldresamtalar og foreldremøter.

For at barnet skal få ein god og trygg kvardag i barnehagen, har vi nokon forventningar til heimen:

- Barnet kjem til barnehagen friskt og utkvilt, så det er klar for å vere med på lek og aktivitet både inne og ute gjennom barnehagedagen.
- Barnet er kledd for allsidig lek, og har kle og utstyr som passar til vêret og årstida.
- Føresette held orden i barnet si hylle, og sørgjer for at skitne kle og utstyr blir teke med heim og vaska jamleg.
- Barnet blir henta i god tid før stengetid, slik at vi får avslutta dagen på ein god måte.
- Barnehagen får beskjed dersom barnet kjem seinare enn kl 09:30, eller ved fråvær.
- Barnehagen får informasjon om viktige hendingar eller endringar som kan påverke barnet sin kvardag, som til dømes sjukdom, dødsfall eller samlivsbrot.
- Føresette les informasjon som blir delt frå barnehagen på Vigilo, og tek kontakt dersom dei lurar på noko.
- Føresette seier ifrå dersom dei opplever noko som ikkje fungerer, eller dersom barnet viser teikn til å ikkje trivast i barnehagen.

Dette kan foreldre forvente av barnehagen:

- At vi ser og anerkjenner kvart enkelt barn.
- At vi har barnet sitt beste i sentrum for alt vi gjer.
- At vi møter føresette med respekt, tek dykk på alvor og lyttar til det de har å seie.
- At vi informerer føresette om særskilte situasjonar i barnehagen som kan ha påverka barnet.
- At viktig informasjon blir gitt på Vigilo og er lett å finne.
- At vi er tilgjengelege, tilstades og opne for dialog i kvardagen.

Foreldreråd

Foreldrerådet består av alle foreldre eller føresette til barn i barnehagen. Det er ein viktig arena der foreldra får høve til å drøfte saker som gjeld barnehagen, kome med innspel og bidra til å påverke barnehagemiljøet og det pedagogiske tilbodet. Foreldrerådet skal vere med på å sikre eit godt samarbeid mellom heim og barnehage, og fremje felles interesser for barna.



Foreldremøte

Kvar haust inviterer barnehagen til foreldremøte. Her får føresette informasjon om barnehagen sitt arbeid, og det blir gjennomført val av ein foreldrerepresentant til samarbeidsutvalet (SU). Kvar vår vert det gjennomført eit felles foreldremøte for barnehagane i Gloppen kommune der ulike tema vert løfta fram. Nye foreldre får også tilbod om å delta på eit informasjonsmøte/foreldremøte i forkant av oppstart i barnehagen.

Samarbeidsutvalet

SU er eit rådgjevande organ der foreldre, tilsette og eigarar samarbeider om barnehagen si drift og utvikling. Hyen skule og barnehage har eit felles samarbeidsutval som består av:

- Ein representant frå foreldra i barnehagen
- To representantar frå foreldra på skulen
- Ein representant frå pedagogane i barnehagen
- Ein representant frå dei tilsette i barnehagen
- Ein representant frå dei tilsette på skulen
- Ein representant frå kommunen
- Rektor

Rektor kallar inn og er leiar for møtene i SU.

Foreldrearrangement

Gjennom barnehageåret inviterer vi til ulike foreldrearrangement der føresette får eit innblikk i det pedagogiske arbeidet vårt. Kvar haust har vi haustfest, der foreldra blir invitert på lapskaus ein ettermiddag. Før påske har vi påskefrukost og før sommaren inviterer vi til sommarfest. Desse uformelle møta er viktige for å skape tryggleik og tilhøyrslø – og bidreg til eit godt barnehagemiljø for både små og store.

Overgongar i barnehagen

I barnehagen er det ulike overgongar:

- Når barnet begynner i barnehagen
- Når barnet skal bytte avdeling
- Når barnet skal begynne på skule

Dei ulike overgongane er forskjellige og krever ulik grad av planlegging og tilpassing av rutiner og involvering av foreldre. Felles for dei alle er at vi tek den tida vi treng og legg til rette for kvart enkelt barn.

Når eit barn begynner i barnehagen

Det første som skjer når eit barn har fått tilbod om plass i barnehagen er at vi tek kontakt med foreldra for å avtale besøksdagar og oppstartssamtale. I oppstartssamtalen får vi bli betre kjent med barnet og familien, og vi kan lage gode avtalar for tilvenningsperioden. Foreldre og barn vert også invitert til besøksdagar i barnehagen i forkant av tilvenning, og får tilbod om å delta på informasjonsmøte for nye foreldre.

Vi set av minimum 3 dagar til tilvenning, og sikrar at barnet har sin eigen primærkontakt som dei kan ha tett kontakt med i starten. Her er samarbeid mellom barnehagen og heimen viktig for å sikre at barna skal få ein best mogleg overgong til barnehagekvardagen. Når barnet har gått i barnehagen i 1 mnd får foreldra tilbod om ein oppfølgingssamtale der barnehagen og foreldra kan gje kvarandre informasjon om korleis det går med barnet etter oppstart.

Når eit barn skal bytte avdeling

Når eit barn går i Hyen barnehage vert dei kjent med barn og vaksne frå både Hareskogen og Ekornstubben, ettersom avdelingane samarbeidar morgon og ettermiddag. Vi deler også garderobe og uteområde. Eit par månader før barnet skal bytte avdeling set vi opp besøksdagar der dei får vere med på samling og aktivitet med Hareskogen.

Vi har dialog med foreldra om når barna skal bytte avdeling, og kven av dei tilsette som evt. skal følgje dei inn på ny avdeling. Barnet beheld same plass i garderoben.

A circular photograph showing three young children on a red tricycle on a red running track. The child in the front is wearing a dark blue jacket and a yellow beanie with a horse pattern. The child in the middle is wearing a pink jacket with a heart pattern and a pink beanie. The child in the back is wearing a blue jacket and a blue beanie. They are all smiling and looking towards the camera. The background is a green grassy field.

Når eit barn skal begynne på skulen

Dei borna som skal starte på skulen, deltek i ei førskulegruppe siste året i barnehagen. Førskulegruppa vert invitert med på ulike aktivitetar i regi av skulen gjennom året som kantinedagar, orienteringsdag, aktivitetsdag og nissefest. Barnehagen og småtrinnnet på skulen besøker også kvarandre sine uteområder og ser mykje til kvarandre i det daglege. På denne måten får barna høve til å bli kjende med både uteområde, lokaler, lærarar og elevar før skulestart.

Våren før skulestart får borna komme til skulen for innskriving saman med foreldra. I april gjennomfører pedagogisk leiar ein samtale med føresette der det vert avklart kva informasjon som skal overførast til skulen. Føresette skal også gje løyve dersom skulen skal ha kopi av kartleggingar som er gjort (t.d. TRAS eller Askeladden). Dersom barnet har vedtak om spesialpedagogisk hjelp skal det vere eit overføringsmøte der foreldre, barnehage, PPT og skule deltek.

I mai/juni inviterer skulen til førskuledagar, og kontaktlærar kan også besøke førskulebarna i barnehagen. Det vert gjennomført eit overføringsmøte der kontaktlærar, pedagogisk leiar og rektor deltek. Her deler barnehagen relevant informasjon om borna si språkutvikling, motoriske utvikling og sosio-emosjonelle kompetanse. Pedagogisk leiar informerer òg om det pedagogiske arbeidet med førskulebarna og gir ei vurdering av korleis samspelet og gruppedynamikken har vore i førskulegruppa.

Årshjul og aktivitetar i barnehagen

Desember

Advent og jul

Januar

Meg og deg
Kropp og kjensler

Februar

Vinter, meistring og
mangfald

November

Eventyr og teater

Mars

Bokstavar og tal
form og farge

Oktober

Haust

Årshjul
Hyen barnehage

April

Våren og dyra
på garden

September

Brannvern og
trafikktryggleik

Mai

Norge, 17. mai og
bygda vår

August

Venskap og
tilvenning

Juni

Bygda vår

Juli

Sommar

Årshjul Hyen barnehage

Månad	Tema og aktivitetar	Fagområde	Overordna lovverk
August	Venskap og tilvenning er tema i samlingsstund. Vi tek imot nye born. Vi lagar venskapsplakat.	Rammeplanen Kommunikasjon, språk og tekst	Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at borna får tid til å bli kjend, etablere nye relasjonar og knyte seg til personalet og til andre born. Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna bruke språket sitt til å skape relasjonar og delta i leik.
September	Brannvern og trafikksikkerhet er tema i samlingsstund. Førskulegruppa besøker brannstasjonen på Sandane. Brannøving i barnehagen og treff med det lokale brannvesenet. Foreldremøte og dugnad.	Nærmiljø og samfunn	Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få høve til å bli kjende med ulike samfunnsinstitusjonar og yrker. Borna skal også få lære seg å ferdast trygt i trafikken.
Oktober	Haut er tema i samlingsstund. Naturbingo og kjeldesortering Utforske og eksperimentere med fysiske lover. Hautferie for skulen i veke 41. Vi inviterer foreldra til haustfest i slutten av oktober.	Natur, miljø og teknologi	Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen, samt at borna fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Borna skal få moglegheit til å oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover. Borna skal få gjere seg erfaringar med bruk av teknologi og å lage konstruksjonar av ulike materialer og reiskaper.
November	Eventyr og teater er tema i samlingsstund. Didaktisk lesing av ulike eventyr. Teaterframsyning. Lage konkretar til eventyra av ulike materialer. Foreldresamtalar siste to vekene i november.	Kommunikasjon, språk og tekst Kunst, kultur og kreativitet	Gjennom arbeidet med dette fagfeltet skal borna møte eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer. Borna skal få oppleve spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale. Gjennom arbeidet med dette fagfeltet skal borna bruke ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk. Borna skal få møte eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttrykksformer og utforske og delta i kunst- og kulturopplevingar saman med andre.
Desember	Adventstid, jul og tradisjonar er tema i samlingsstund. Besøk av rampenissen. Lucia-dag, nissetog, julegraut. Bake julekaker, lage julepynt og julegåver.	Etikk, religion og filosofi Kunst, kultur og kreativitet	Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdier og høgtider i ulike religionar og livssyn. Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna støttast i å vere aktive og skape egne kunstneriske og kulturelle uttrykk. Borna skal få bruke eigen fantasi, kreativ tenking og skaparglede.

Januar	Meg og deg, kropp og kjensler er tema i samlingsstund. Lære borna grunnleggande førstehjelp Fokus på kjensler og korleis ein kan forstå seg sjølv og andre.	Kropp, rørsle, mat og helse Kommunikasjon, språk og tekst	Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna bli kjende med eigne behov og kjensler, få kjennskap til menneskekroppen og få ei positiv oppfatning av seg sjølv. Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna lære seg å uttrykke kjensler, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måtar.
Februar	Vinter, meistring og mangfald er tema i samlingsstund. Vi markerar samane sin nasjonaldag 6. februar Vinterolympiade Karneval-feiring Vinterferie for skulen i veke 8	Natur, miljø og teknologi Kropp, rørsle, mat og helse	Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen, samt at borna fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna inkludrast i aktivitetar der dei får røre seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader.
Mars	Bokstavar og tal, formar og figurar er tema i samlingsstund. Aktivitetar der ein fokuserer på ulike fargar, storleikar og figurar. Lære borna om ulike bokstavar og kva bokstav som høyrer til dei forskjellige tinga og personane vi har rundt oss. Lage påskepynt. Påskeferie i mars/april. Vi inviterer foreldra til påskefrukost i veka før påske.	Kommunikasjon, språk og tekst Mengd, rom og form	Gjennom arbeidet med dette fagfeltet skal borna støttast i leiken med og utforskinga av skriftspråket. Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få undersøkje og kjenne igjen eigenskapar ved former og sortere dei på forskjellige måtar. Borna skal få leike og eksperimentere med tal, mengd og teljing og få erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på.
April	Våren og dyra på garden er tema i samlingsstund. Besøke gardar i nærmiljøet. Foreldresamtalar siste to vekene i april.	Natur, miljø og teknologi	Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få kunnskap om dyr og dyreliv
Mai	Norge, 17. mai og nærmiljø er tema i samlingsstund. Førskuleborna får vere rosaruss. Gå i tog/pynte til 17. mai. Høyre lokale historier og forteljingar.	Nærmiljø og samfunn	Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få høve til å bli kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.

Juni	Bygda vår er tema i samlingsstund. Lage kart over Hyen og sjå på kor dei ulike barna bur. Vi inviterer foreldra til sommarfest i begynnelsen av juni.	Nærmiljø og samfunn	Gjennom arbeid med fagfeltet skal borna få høve til å utforske ulike landskap og bli kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet.
Juli	Sommar er tema i samlingsstund. Uteleik og turar i nærområdet. Barnehagen er sommarstengd i samsvar med barnehageruta for Gloppen kommune.	Kropp, rørsle, mat og helse Natur, miljø og teknologi	Gjennom arbeid med fagfeltet skal borna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen, samt at borna fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.